

Notat

Til: Hovudutval for opplæring

Frå: Fylkesdirektøren

Skulehelsetenesta – oppsummering frå møta mellom skulane og vertskommunane ved start av skuleåret 2014-2015

Kvar haust ved skulestart skal skulane ha møte med sin vertskommune, der dei avtalar omfang og innhald i kommunen sitt bidrag i skulehelsetenesta det kommande skuleåret. Målet er at med god planlegging og koordinering av tenesta vil ein få god utnytting av tilgjengelege ressursar.

I møte 2. november 2011, sak 22/11, gjorde Hovudutval for opplæring vedtak om at «Fylkesdirektøren rapporterer til hovudutvalet frå dialogmøta mellom dei vidaregåande skulane og vertskommunane». Under fylgjer eit samandrag av rapportane frå møta for skuleåret 2014-2015.

Statlege styrkingstiltak

Regjeringa hadde i år sett av 16 millionar til styrking av skulehelsetenesta i den vidaregåande skulen, med søknadsfrist 21. mars. [Styrking av skulehelsetenesta i vgs](#) Seinare kom det ny utlysning på tilleggsøyving på 10 mill, med søknadsfrist 19. september. [Tillegg styrkingsmidlar](#)

Ein del av vertskommunane søkte Helsedirektoratet om slike styrkingsmidlar, men fylkesdirektøren har ikkje oversikt over desse. Heller ikkje KS hadde slik oversikt, og ba oss kontakte dei aktuelle kommunane direkte. Spørsmål til vertskommunane har resultert i svar frå berre tre av dei, der ein opplyser at dei fekk tilskot, medan dei to andre opplyser at dei ikkje søkte. I tillegg har fire skular opplyst i si rapportering at deira vertskommune har motteke tilskot.

Dale vidaregåande skule

- omfanget av helsesøster si kontortid er ikkje endra frå i fjor
- kommunen har ikkje helsestasjon for ungdom, men helsesøster ordnar med time hos lege og hjelper dei vidare til andre instansar om nødvendig
- helsesøster er sentral i opplegg for russen om trafikktryggleik, smitte/åtferd og trygg sex, og deltek meir sporadisk i andre opplegg
- helsesøster møter fast i skulen si folkehelsegruppe, med fleire møte i løpet av skuleåret
- folkehelsegruppa samarbeider godt både i planlegging og gjennomføring av ulike temadagar, tilbod i kantina og elles ved ulike tiltak for elevane
- helsesøster og PPT orienterer om tenestene sine i alle klassane ved skulestart, det er oppslag mange stader på skulen og dei finn info på heimesida
- i samarbeid med kommunen orienterer skulen ekstra til hybelelevane, vg1-elevane og påbyggelevane om ulike tilbod og tenester i kommunen («Velkommen til Fjaler»)
- helsesøster sitt tilbod på skulen har vore svært stabilt

- systemet fungerer svært godt, det er tett samarbeid med legetenesta i Fjaler, og samarbeidet med helsesøster er svært fleksibelt og fungerer godt
- iflg skulen har kommunen søkt på Helsedirektoratet sine utlyste midlar til styrking av skulehelsetenesta, men vi har ikkje fått opplyst utfallet. Ev midlar er tenkt nytta til å få tidsressurs til oppstartsamtale med alle nye elevar, kurs i mat og helse og kurs og opplæring i psykisk helse

Eid vidaregåande skule

- omfanget av helsesøster si kontortid er ikkje endra frå i fjor
- kommunen har helsestasjon for ungdom, lokalisert på skulen
- kommunen har nyleg fått tilsett kommunepsykolog
- helsesøster er ansvarleg for opplegg for russen og innføringsklassen
- helsesøster har ikkje faste samarbeidsmøte
- helsetenesta blir presentert første skuledag, og seinare på middag for hybelbuarane, det blir opplyst av kontaktlærer og det er info på nettet
- det blir sett inn vikar for helsesøster ved langtidssjukemelding
- skulehelsetenesta har fått auka pågang frå elevar dei siste to åra
- iflg skulen har kommunen søkt på Helsedirektoratet sine utlyste midlar til styrking av skulehelsetenesta, men vi har ikkje fått opplyst utfallet

Firda vidaregåande skule

- omfanget av helsesøster si kontortid er ikkje endra frå i fjor
- kommunen har helsestasjon for ungdom
- helsesøster har medansvaret for hybelkurs (vg1), samliv og helse (vg2) og russ og helse (vg3)
- helsesøster har faste samarbeidsmøte med rådgjevar, psykisk helseteam og PPT
- det blir orientert om tilbodet på hybelkurs, plakatar på skulen og på allmøte
- det blir brukt vikar ved langtidfråvær av helsesøster

Flora vidaregåande skule

- omfanget av helsesøster si kontortid er ikkje endra frå i fjor
- kommunen har helsestasjon for ungdom
- helsesøster har helsesamtale med hybelbuarar, har ansvaret for opplegg med russen, og deltek i VIP vg1 (psykisk helse), markering av tobakksfri dag saman med miljøkoordinator og tilbyr vaksinasjon til elevar som skal til utlandet
- helsesøster deltek på sos.ped.møta med rådgjevar, PPT, miljøkoordinator og leiing
- det blir informert om tilbodet til alle vg1-klassane og gitt info til hybelbuarane ved skulestart
- det har hendt at elevane har stått utan skulehelseteneste
- det er ynskjeleg med betre info når helsesøster er borte og større fleksibilitet om å komme andre dagar/til andre tider i staden

Hafstad vidaregåande skule

- omfanget av helsesøster si kontortid er ikkje endra frå i fjor
- kommunen har tilbod om helsestasjon for ungdom
- helsesøster har ansvaret for opplæring om anabole steroidar, SOI, prevensjon og smitteførebygging
- helsesøster har faste samarbeidsmøte med rådgjevingsteamet og skulen si folkehelsegruppe
- elevane blir orienterte i klassane og på skulen og kommunen sine heimesider
- det blir sett inn vikar ved fråvær over lang tid
- behovet for skulehelseteneste aukar for kvart år

Høyanger vidaregåande skule

- omfanget av helsesøster si kontortid er ikkje endra frå i fjor
- kommunen har helsestasjon for ungdom
- helsesøster er medansvarleg for VIP vg1(psykisk helse)

- helsesøster har faste samarbeidsmøte med basisteam (PPT, barnevern, spes.ped.rådgjevar og rektor)
- det blir orientert om tilbudet i klassane, på heimesida og i brosjyre
- elevane har så langt ikkje stått utan skulehelsetenestetilbod over lengre tid

Mo og Øyrane vidaregåande skule

- vanskeleg å samanlikne omfanget med i fjor, då den nye skulen no har fått ansvaret for to avdelingar, den eine med hybelbuarar. Samla ressurs på 50 % vil bli delt med 40 % på Øyrane og 10 % på Mo
- kommunen har helsestasjon for ungdom
- helsesøster deltek på opplegget med VIP vg1 (psykisk helse), rus og anabole steroider, alkohol, graviditet, Klamydiadag og tilbyr vaksinerings av russen. Ho er med og gjer tilbudet kjent for hybelbuarar og foreldra deira, og har fellesmøte for hybelbuarar saman med kommunen
- helsesøster har fast samarbeid med rådgjevartenesta, oppfølgingstenesta og folkehelsegruppa ved skulen
- det blir orientert om skulehelsetenestetilbodet i alle klassar/elevar ved skulestart, på heimesida, elevsider og gjennom rådgjevartenesta og helsesøster besøker vg1-klassane og nokre vg2-klassar
- skulen tek direkte kontakt med helsestasjonen dersom elevane blir utan tilbod over tid
- helsesyster er medlem i skulen si folkehelsegruppe, og er ein naturleg del av rådgjevartenesta ved skulen. Ho er eit forsterka tilbod og ressurs i høve det sosialpedagogiske arbeidet, og er ein ressurs som gir tryggleik for skulen og kontaktlærarar ang. oppfølging av og kontakt med elevar med sosiale og medisinske problem. Ho er også ein nødvendig ressurs i forhold til det systemretta arbeidet ved skulen.
- dei vg skulane i Førde registrerer auka behov for helsesøsterressurs
- iflg skulen har kommunen etter søknad motteke tilskot frå Helsedirektoratet sine utlyste midlar til styrking av skulehelsetenesta, men vi har ikkje fått opplyst utfallet

Måløy vidaregåande skule

- tidsressursen dobla frå i fjor på grunn av tilførte prosjektmidlar
- kommunen har helsestasjon for ungdom
- helsesøster har ansvaret for seksualundervisning i vg1-klassane, og er elles med på alt av forebyggjande arbeid innan psykisk helse, tobakksforebyggjande arbeid, russ og helse og vassprosjektet. Ho er med på så mange helsefremjande tiltak at ho er ein svært viktig person i skulen si folkehelsegruppe
- helsesøster har jamlege møte med miljøkoordinator, og skulen vil få til faste møte også med obs-teamet (rådgjevarar, spesped.koordinator og miljøkoordinator)
- elevane blir orienterte om tilbudet i alle vg1-klassane, på hybelmøte, på skulen og kommunen sine heimesider og med plakatar på skulen
- elevane blir ikkje utan tilbod over lengre tid, dette har betra seg frå tidlegare
- kommunen rapporterer at dei etter søknad har motteke tilskot av Helsedirektoratet sine utlyste midlar til styrking av skulehelsetenesta

Sogndal vidaregåande skule

- omfanget av helsesøster si kontortid er ikkje endra frå i fjor
- skulelege har kontortid ved skulen, med timeavtalar og drop in
- kommunen har helsestasjon for ungdom
- helsesøster har temaundervisning med psykisk og psykososial helse (vg1), rusundervisning (vg2) og for vg3 saman med skulelegen
- skulen markerer verdas tobakksfrie dag og Verdensdagen for psykisk helse
- helsesøster er med i elevtenesta, og har faste møte med rådgjevarar, miljøkoordinator, oppfølgingstenesta og skuleleiing. Skulemiljøutvalet kallar inn helsesøster til møte ved behov

- det blir orientert om skulehelsetenestetilbodet i alle vg1-klassar ved skulestart (saman med miljøkoordinator og PPT), på foreldremøte vg1, på infoskjermar og på skulen og kommunen sine nettsider
- skulen har hatt tilfredsstillande tilbod for elevane dei seks siste åra, og kommunen har vore flink til å setje inn vikar ved behov
- ved langvarig fråvær finn ein i samarbeid fram til alternative løysingar
- skulen er godt nøgd med skulehelsetenesta, det er viktig for skulen at helsesøster er så mykje på skulen
- skulen er veldig tilfreds med at ein har skulelegen tilgjengeleg på skulen
- iflg helsesøster har kommunen etter søknad motteke tilskot frå Helsedirektoratet sine utlyste midlar til styrking av skulehelsetenesta. Dette vil medføre helsesøster på skulen kvar dag, og i samarbeid med skulen vil helsesøster lage system for å fange opp, kartlegge og følgje opp særleg elevar med høgt fråvær

Stryn vidaregåande skule

- omfanget av helsesøster si kontortid er ikkje endra frå i fjor
- kommunen har helsestasjon for ungdom
- helsesøster deltek i VIP vg1 (psykisk helse) og med informasjon til russen
- helsesøster har fast samarbeid med rådgjevarar, spespedkoordinator, PPT og adm.leiar
- det blir orientert om skulehelsetenestetilbodet i alle klassane ved skulestart, på skulen si heimeside og med plakatar
- elevane blir ikkje utan tilbod over lengre tid
- kommunen rapporterer at dei ikkje har søkt på Helsedirektoratet sine utlyste midlar til styrking av skulehelsetenesta

Årdal vidaregåande skule

- omfanget av helsesøster si kontortid er ikkje endra frå i fjor
- kommunen har i år ikkje helsestasjon for ungdom ut frå økonomiske ressursar
- helsesøster deltek på VIPvg1 (psykisk helse) og i psykologiundervisning, og har helsesamtale med alle hybelbuarar under 20 år
- helsesøster har samarbeidsmøte med tverrfagleg team og skulen si folkehelsegruppe
- helsesøster orienterer ved skulestart til alle vg1-klassane og med brosjyre til alle elevane
- ved sjukmelding kan elevane bli utan tilbod over lengre tid
- på grunn av kommunen sin bemanningssituasjon er ikkje tilbodet optimalt
- kommunen rapporterer at dei ikkje har søkt på Helsedirektoratet sine utlyste midlar til styrking av skulehelsetenesta

Oppsummering

Rapporteringa frå skulane viser at omfanget av helsesøsterressurs stort sett er på same nivå som tidlegare, og at skulane er i godt tilfredse med samarbeidet dei har med helsesøster og vertskommune.

Det kan nemnast spesielt at etter at tidlegare Øyrane og Mo og Jølster vg skular er slegne saman til Mo og Øyrane vg skule, har skulen fått fleire elevar, fordelt på to avdelingar, den eine med internat. Skulen opplyser at dette kan medføre ei utfordring i utøving av VIP (veiledning og informasjon om psykisk helse) på avdeling Mo.

Mo og Øyrane rapporterer at dei vg skulane i Førde registrerer eit auka behov for skulehelseteneste, og dei har vore i dialog med kommunen med ynskje om auka ressurs til helsesøster.

Fylkesdirektøren meiner skulane tilbyr ei kvalitativ god skulehelseteneste, ut frå ressursane dei disponerer. Ved å planlegge godt på førehand, får ein nytte helsesøster og andre samarbeidspartar på ein god måte.

Fylkesdirektøren har ikkje motteke bekymringsmelding frå skular dette skuleåret, og har difor ikkje teke initiativ til møte med nokon vertskommune.